

# Høgdegarden Nedbergo i Aurlandsfjorden

Eit viktig kulturlandskap i Verdsarvområdet Vestnorsk fjordlandskap, delområde Nærøyfjorden



Skjøtsel av kulturlandskap og tilrettelegging for friluftsliv



<b>Tittel:</b> Høgdegarden Nedbergo i Aurlandsfjorden; Eit viktig kulturlandskap i Verdsarvområdet Vestnorsk Fjordlandskap, delområde Nærøyfjorden; Skjøtsel av kulturlandskap og tilrettelegging for friluftsliv.	<b>Rapportnr:</b> <b>1-2014</b>
	<b>Dato:</b> <b>21.06.2012</b>
<b>Referanse:</b> Bøthun, S. W. 2012. Høgdegarden Nedbergo i Aurlandsfjorden; Eit viktig kulturlandskap i Verdsarvområdet Vestnorsk Fjordlandskap, Delområde Nærøyfjorden; Skjøtsel av kulturlandskap og tilrettelegging for friluftsliv. Aurland Naturverkstad rapport nr. 3- 2012	
<b>Oppdragsgjevar:</b> Fylkesmannen i Sogn og Fjordane	
<b>Prosjektansvarleg, oppdragsgjevar:</b> Tom Dybwad (FM i Sogn og Fjordane)	
<b>Referat:</b> Rapporten tek føre seg eit av områda med stor verdi som kulturlandskap i Nærøyfjorden landskapsvernombjåde, peikt ut i forvaltingsplanen for verdsarvområdet Vestnorsk fjordlandskap, delområde Nærøyfjorden som eit prioritert område for skjøtsel. Rapporten dokumenterer verdiar i området knytt til tema som landskap, friluftsliv, biologisk mangfald og kulturhistorie. Det vert greia ut om tilstanden på ulike delar av kulturlandskapet, og på den bratte stien frå fjorden, som er einaste tilkomstveg til garden. Rapporten inneholder vidare ein tiltaksplan med tilrådingar til tiltak for vedlikehald av tilkomstvegen, skjøtsel av kulturlandskapet og enkle tilretteleggingstiltak for friluftsliv. Nedbergo er eit svært viktig landskapselement i verne- og verdsarvområdet. Planområdet har stor verdi for friluftsliv. Kulturlandskapet er rikt på ulike kulturmarkstypar, og variasjonen i naturtypar, høg varmeinnstråling og varierande grad av kulturpåverknad gjev til saman området eit høgt biologisk mangfald. Til tiltaksplanen følger kartvedlegg som syner kulturmarkstype, tilrådingar til skjøtsel etter ei praktisk inndeling av teigar, prioritering av dei ulike teigane, lokalisering av problemområde på stien /gardsvegen og lokalisering av tilrådde tilretteleggingstiltak for friluftsliv.	
<b>Forsideillustasjon:</b> Tunet på Nedbergo sett frå vest Foto teke juni 2009	<b>Emneord:</b> Kulturlandskap landskap biologisk mangfald friluftsliv
<b>Utarbeidd av:</b> Siri Wølneberg Bøthun	<b>Dato:</b> 21.06.2012
<b>ISBN:</b> 978-82-999859-0-1 (trykt) <b>ISBN:</b> 978-82-999859-1-8 (PDF)	
<b>Produsert av:</b> Aurland Naturverkstad AS Postboks 27 5741 Aurland Tlf. 57633026, Fax: 57633516 e - post: post@naturverkstad.no	
<b>Godkjent av:</b> Nærøyfjorden verneområdestyre, sak 27/14, 19.09.2014	

## **Forord**

Denne rapporten er ein plan for kulturlandskapsskjøtsel og tilrettelegging for friluftsliv ved høgdegarden Nedbergo, lokalisert i fjordsida over Aurlandsfjorden. Dette området er eit særleg viktig kulturlandskap innanfor Nærøyfjorden landskapsvernområde, som ligg i Verdsarvområdet Vestnorsk fjordlandskap, delområde Nærøyfjorden.

Aurland Naturverkstad har hatt i oppdrag frå forvaltingsmynda å utgreie verdiane og å sameine dei ulike interessene knytt til Nedbergo i ein skjøtsels- og tilretteleggingsplan.

Planen er utarbeidd av Siri W. Bøthun ved Aurland Naturverkstad, for Fylkesmannen i Sogn og Fjordane. Han er arbeidd fram i dialog med oppdragsgjevar (Tom Dybwad, Fylkesmannen si miljøvernavdeling), eigarar og brukarar av begge bruka på den nedlagde garden Nedbergo, kulturavdelinga ved Sogn og Fjordane Fylkeskommune (v. Knut Åland), landbrukskontoret ved Aurland kommune (v. Magnhild Aspevik), Nærøyfjorden Verdsarvpark (v. Åsmund Finsrud Dale og Magnus Wammen) og SNO, Aurland (v. Kristoffer Ullern Hansen). Det har vore gjennomført to felles synfaringar og eit arbeidsmøte der det har kome fram både verdifull faktainformasjon og gode innspel.

Ansvarleg hjå Fylkesmannen har vore Tom Dybwad. Eigarar og brukarar representert ved Knut Nedberge, Lars Nedberge, Torill Nedberge Klevmark og Roger Hille har vore særleg viktige informantar både i høve dagens tilstand og i høve naudsynte tiltak.

I høyringsrunden kom det merknader til planen. Merknadane gjekk i hovudsak på presisering av kulturminne, ynskje om å unngå inngjerding av innmarka, plassering av utedo, vasskjelder og namn på plassen. Det var ny synfaring på Nedbergo med representantar for grunneigarane, Aurland kommunen, Fylkesmannen i Sogn og Fjordane og verneområdeforvaltar i juli 2014. Skjøtselsplanen er endra i tråd med merknader og innspel frå synfaringa.

Aurland 19.09.2014  
Noralv Distad (sign)  
Leiar Nærøyfjorden verneområdestyre

## Innhold

<b>Forord .....</b>	<b>ii</b>
<b>Innhold.....</b>	<b>iii</b>
<b>1 Innleiing .....</b>	<b>1</b>
<b>2 Målsettingar.....</b>	<b>3</b>
<b>3 Metode .....</b>	<b>4</b>
3.1 Kunnskapsinnsamling .....	4
3.1.1 Registreringar av tilstand og behov på vegen .....	4
3.1.2 Registrering av vegetasjon.....	4
3.2 Utforming av skjøtselsplan .....	5
3.2.1 Inndeling i delområde.....	5
3.2.2 Mål og tilrådingar .....	5
<b>4 Områdeskildring .....</b>	<b>6</b>
4.1 Lokalisering og avgrensing .....	6
4.2 Kort om historia.....	6
4.3 Naturtilhøve .....	7
4.3.1 Geologi og landskap.....	7
4.3.2 Vegetasjonstypar .....	8
4.4 Verdiar.....	9
4.4.1 Landskap .....	9
4.4.2 Kulturlandskap og kulturhistorisk verdi .....	9
4.4.3 Biologisk mangfold.....	11
4.4.4 Friluftsliv .....	13
4.4.5 Næring .....	14
<b>5 Dagens tilstand; vegar, tilrettelegging og vegetasjon .....</b>	<b>15</b>
5.1 Hovudvegen .....	15
5.2 Andre stier og vegar .....	16
5.3 Murar; kulturminne i innmark og utmark .....	17
5.4 Tilrettelegging .....	19
5.5 Delområde 1, Garden med innmarksareal .....	19
5.6 Delområde 2 Hagemark og anna nær utmark.....	21
5.7 Delområde 3, Heimestølen.....	22
<b>6 Tiltaksplan.....</b>	<b>23</b>
6.1 Hovudvegen .....	23
6.2 Andre stiar og vegar .....	25
6.3 Tilretteleggingstiltak.....	27
6.4 Skjøtsel av landskap og vegetasjon .....	31
Delområde 1: Innmarka på garden .....	34
Delområde 2: Nær utmark; tidlegare slått, beitemarker og hagemark .....	35
Delområde 3: Heimestølen .....	36
<b>Kjelder .....</b>	<b>38</b>
<b>Vedlegg .....</b>	<b>39</b>



## 1 Innleiing

Nedbergo er ein høgdegard som ligg langs austsida av Aurlandsfjorden i Aurland kommune, Sogn og Fjordane fylke. Garden ligg innanfor Nærøyfjorden landskapsvernombåde (verna i Kgl. res. 08.11.2002), som er ein del av sørrområdet i Verdsarvområdet Vestnorsk fjordlandskap (innskrive på UNESCO si verdsarvliste 14.07.2005, under det 29. verdensarvkomitémøte). Forvaltingsplanen for Nærøyfjordområdet (Fylkesmannen i Sogn og Fjordane 2008) peikar på Nedbergo som eit prioritert område for skjøtselstiltak både med omsyn til kulturlandskapet og for friluftsliv. Det er tidlegare utarbeidd skjøtselsplanar for 3 andre utvalde kulturlandskapsområde innanfor Nærøyfjorden landskapsområde.

Garden med innmarker er eit viktig landskapselement i Aurlandsfjorden. Bevaring av landskapet på og kring Nedbergo er vesentleg for opplevinga av landskapet i verdsarvområdet. Innslaget av kulturlandskap i det dramatiske fjordlandskapet er ein av dei verdiane som særpregar området og som skil Vestnorsk fjordlandskap frå andre område i verden med naturskjønne fjordar. Ein finn eit høgt biologisk mangfald og viktige kulturhistoriske dokument i form av bakkemurar, vegar og andre kulturlandskapselement knytt til garden.



Figur 1 Tunet på Nedbergo sett frå vest.

Av areal som i framleis er ope finn ein i all hovudsak overflatetdyrka mark. Dei flataste areaala har tidlegare vore åkerjord, men i dag er all dyrkemark graser. Nokre av engene har preg av natureng, men gamaleng er den typen som dekker størst areal. Slåtteteigar i utmarka finst framleis, men det er lite igjen av desse, og slike enger er ikkje inkludert i planen utover areal tilknytt heimestølen. Forutan stølen og restar av utslårter finn ein og mykje gamle hagemarkar med bjørk på ulike tilgroingsstadiar. Garden er grunna lokaliseringa ikkje aktuelle for tradisjonell, aktiv drift. For å halde areaala i hevd og

ta vare på biologisk mangfald, landskapsverdiar og garden som eit kulturhistorisk dokument, er det naudsynt å sette inn skjøtselstiltak.

Ingen av dei to brukar har fast busetnad. Gardsdrifta vart lagt ned i 1960. Etter dette vart garden nytta som støl fram til 1964. På gardsnr. 1, Larsbruket, vart det halde fram med slått fram til 1971. Vidare vart det sleppt sau på beite ved garden fram til 1989. Attgroing er eit reelt trugsmål for begge brukar på Nedbergo. Innmarksteigane er framleis opne, men oppslag av einer og lauvkratt har begynt å krype inn frå kantane og kring røyser og impediment. Dei opne engene er svært viktige for opplevingskvalitetane. Bevaring av desse er ein særskilt viktig del av bevaringa av garden og tunet.

Desse eigedomane er involvert i planen:

Gnr. 55/1

" 55/2

Tilkomstvegen går felles utmark for Nedbergo og utmark tilhøyrande Gnr. 51/1 i Undredal.



*Figur 2 Gardsvegen er ein sti der ein berre kan ferdast til fots, gjennom bratt terrenget. Foto: Åsmund Finsrud Dale.*

## 2 Målsettingar

Nedbergo står fram som eit heilskapleg, autentisk og svært intakt kulturmiljø. Målet for skjøtselsplanen vil være å legg til rette for ein skjøtsel av kulturmarka kring garden slik at han står fram som ein gard med dei viktigaste kvalitetane frå då garden var i drift, med eit ope og innhaldsrikt kulturlandskap. Dette framfor dagens situasjon med byrjande attgroing og forfall av engar og murer.

Eit delmål med planen er å vere eit grunnlag for iverksetting av vedlikehaldstiltak på vegen og dei viktigaste stiane og elles tilrettelegging for enkelt friluftsliv som turgåing. Ein vil og sokje å minimalisere moglege konfliktar mellom eigarinteressene knytt til kulturlandskapskjøtsel, fritidsbruk av garden og alminneleg utøving av friluftsliv.

Planen inkluderer også tilretteleggingstiltak som moglegger bruk av beitedyr i skjøtselen.

Planen peikar på verdiar i området og naudsynte tiltak for å synleggjere og ta vare på desse.

Planen plasserer ikkje ansvar, men er meint som eit rettleiande hjelpemiddel både for statleg forvalting av verneområdet og kommunal forvalting av friluftslivsressursar. Han er og meint som ein rettleiar for grunneigarar og andre som ynskjer å ta vare på kulturlandskaps-, landbruks-, og friluftslivsverdiar i området i samarbeid med den offentlege forvaltinga.

Det er i planen gjort prioriteringar, der tilrådingane dels er tilpassa til kva ein ser som praktisk mogleg å kunne gjennomføre. Ein skjøtsel tilsvarande full drift vil være for ressurskrevjande. Område der eigarane har eigeninteresse i å halde ope og velstelt fell mykje saman med areal som landskapsmessig er mellom dei viktigaste. Desse areala er gjeve høg prioritet.



## **3 Metode**

### **3.1 Kunnskapsinnsamling**

Viktigast i innsamlinga av kunnskap om området har vore ei studentoppgåva "Nedberge; Historie og arealbruk på ein høgdegard i Aurland kommune i Sogn og Fjordane" (Gausmel og Rong 02) samt intervju av eigarane og brukarane ved dei to bruka på Nedbergo. Grunnlaget for skildringa av dagens tilstand er m.a. tre synfaringar (to om sommaren og ein tidleg på våren, før etablering av vegetasjon), to av desse ilag med lokale informantar (eigarar) og forvaltingsinteresser. Det har og vore henta stoff frå anna tilgjengeleg litteratur, kartstudie og studie av flyfoto.

Første synfaring vart gjennomført 29. juni 2009. Synfaringa vart kombinert med oppstartsmøte for prosjektet, og representantar frå både eigar/brukarsida, frå forvaltinga og frå oppsynstenesta var med. Hovudfokus for synfaringa var å finne fram til kva problemstillingar som vert dei viktigaste å fokusere på i planen, og å gjere seg kjent på staden. Andre synfaring var gjennomført av utgreiar aleine 03. juli 2009. Hovudfokus var registreringar av kulturmarkstype og særleg engtype. Tredje synfaring vart gjennomført 01. november 2009. Dette var ei fellessynfaring med grunneigarar, brukarar, Nærøyfjorden Verdsarvpark, fylkesmannen i Sogn og Fjordane, SNO, Aurland, og landbrukskontoret i Aurland kommune deltok på synfaringa. Hovudfokus var lokalisering av ulike tilretteleggingstiltak, vurdering av murar og skjøtselstiltak på stiar og vegar. Synfaringa var kombinert med oppstartssynfaring for arbeidet med restaureringsplan for bygningane i tunet som skal leiast av ein restaureringshandtverkar frå Nærøyfjorden Verdsarvpark. I tillegg til synfaringane har det vore halde arbeidsmøte med alle involverte partar samt dialogar gjennom telefon og e-post.

Det er ikkje føreteke registreringar av insekt og andre virvellause dyr (evertebratar), systematisk vegetasjonskartlegging eller oppmålingar av historiske strukturar i kulturlandskapet utover vegar og stiar. Steinstrukturar er registrert i studentrapporten, men berre eit relevant utval av desse registreringane er nytta i skjøtselsplanen.

#### **3.1.1 Registreringar av tilstand og behov på gardsvegen**

Vegen er ufullstendig kartfesta i eksisterande kartverk. Det er gjort forsøk på å registrere traséen ved hjelp av GPS men også dette vert ufullstendig av di dei bratte fjordsidene gjev dårlige tilhøve for satellittmottak. Vegen er forsøkt kartfesta i Gausmel og Rong (2002), men dette er og dels unøyaktig. Delar av vegen er difor teikna inn på frihand. Problempunkt er observert og fotografert i felt, og i stor grad peikt ut under synfaring av brukarane. Desse er kartfesta i høve til slik vegen er lagt og kartfesta i terrenget etter beste skjønn.

#### **3.1.2 Registrering av vegetasjon**

Innmarksareala innanfor avgrensinga for planen er synfart med tanke på vegetasjon. Det er gjort notatar på artsinnhaldet i ulike teigar og delområde, og areala er delt inn etter engtype på grunnlag av dette. Registreringane er ikkje fullstendige. Prosjektet har ikkje hatt rom for å gjennomføre analysar med statistisk handsaming. Inndelinga er gjort etter skjønn, ut frå fukt – tørke-gradientar, grad av oppdyrkning og/eller gjødsling, evt. teikn på kalkførekost og kva for karplante som dominerer. Inndelinga i Fremstad (1997) er nytta der det har vore mogleg å bestemme enga til nokon særskilt type. Typane er i plansamanheng (skjøtselskartet) samla i større grupper for å kunne gi ein meir lettfatteleg og praktisk inndeling. Registreringane er heller ikkje så nøyaktige at fastsetting av engtype i alle tilfelle er heilt eksakt. Fleire plassar gjer attgroing det vanskeleg å avgjere kva slags eng det har vore opphavleg.

## 3.2 Utforming av skjøtselsplan

Dei føreslegne skjøtselstiltaka har kome fram i dialog med både brukarar og forvaltning, mellom anna gjennom møter og fellessynfaringar.

### 3.2.1 Inndeling i delområde

For å få ein praktisk tilnærming til skjøtselen er dei utpeikte areala for skjøtsel delte inn i delområde, som vidare er delt inn i mindre teigar. Kvar teig har fått sine spesifikke tilrådingar til skjøtsel. Det er ikkje tatt omsyn til eigedomsgrensar ved inndelinga av skjøtselsteigar. Skjøtselsteigane er ikkje konsekvent identiske med gamle teigar, men ein har freista å ikkje dele same teig mellom to skjøtselsteigar.

### 3.2.2 Mål og tilrådingar



Måla for dei einskilde skjøtselsområda er sett ut frå ynskje om å gjenskape eit ope og stelt kulturlandskap, der ein kan finne element som vitnar om den lange kontinuiteten på gardsdrifta. Biologiske og landskapsmessige verdiar har vore viktigaste kriteria for val av skjøtselsmetode og prioritering mellom teigane, men praktiske tilhøve har og spelt ei rolle. Det er ikkje noko mål for planen å tilbakeføre innmarka til nokon utvald tidsepoke. Ein slik skjøtsel vil og krevje svært store ressursar til landskapspleie, og vil være urealistisk å få gjennomført. I tilrådingane til konkrete tiltak har ein henta råd for skjøtselstiltak i Skjøtselsboka (Norderhaug 1999).

For tiltak på vegen er det gjeve prioritet til tiltak naudsynte for tryggleiken og tiltak som hindrar vidare


forfall. Det er og tilrådd tiltak som kan gje positiv verknad på turopplewinga på vegen opp, men desse tiltaka er ikkje gjeve høgste priorititet.

## 4 Områdeskildring

### 4.1 Lokalisering og avgrensing

Planområdet ligg på austsida av Aurlandsfjorden, like sør for fjordskiljet der Nærøyfjorden skjær seg sør-vestover frå Aurlandsfjorden. Sørover langs fjorden finn me garden Skjerdal, og fylgjer ein fjorden vidare innover, kjem ein til Aurlandsvangen og til sist inn til Flåm. På motsett side av fjorden ligg høgdegarden Stigen omrent midt i mot, og litt lengre sør ligg Undredal.

Austlegaste punkt i planen er taubanefeste som ligg nede ved fjorden under Storeflaten medan vestlegaste punkt er utsiktspunktet vest om innmarka på garden. I høgd startar planen ved fjorden, der ein stig i land, medan øvste punkt er øvre delar av beitebakkane over heimestølen, dvs. kring 730 moh. Dei tilrådde tiltaka gjeld vegar og stiar, kulturmarkstype direkte knytt til garden eller stølen og einskildpunkt i utmarka. Sjå vedlagt plankart for større kart over skjøtselsområde.



Figur 3 Oversikt over planområdet

### 4.2 Kort om historia

Gardssoga er nedteikna i Aurland bygdebok, Undredal og Nærøy gard og ætt (Ohnstad 2006). Gausmel og Rong (2002) har også ein stor fokus på historie, og mykje kjeldemateriale er samla her. Dersom det er usemje mellom studentrapport og bygdeboka fylgjer kapittelet under bygdeboka.

Namnet Nedbergo tyder "berget der nede", noko som kan tyde på at garden er etablert av fangst- og veidefolk som hadde fjellet med villrein som viktigaste ressurs. Tjukna på matjordlaget peikar på drift gjennom fleire hundre år. Truleg har garden vore i drift minst sidan mellomalderen, kanskje lengre. Første skriftlege kjelder om garden er frå 1603. Det er tett samband mellom Nedbergo og den

tidlegare garden Kappadal (har vore to tun, gamle og nye Kappadal, som ligg på kvar si side av Kappadalen. Tuna var busette til kvar sine tider), og til tider har eigarskapet vore felles.

Garden vart delt i to bruk i 1863. Kring 1900 fekk gardbrukarane hus i Undredal. Dei budde heretter i Undredal om vinteren og på Nedbergo om sommaren. Under krigen flytte dei tilbake til Nedbergo, og budde her til krigen var over. Under denne tida vart innmarkene intensivt utnytta, og det vart m.a. brote opp nytt åkerland. Krigsåra var den siste perioden med korndyrking på Nedbergo. Etter krigen vart garden drive som sommarbruk fram til 1960. Etter dette vart han nytta som støl fram til 1964. På gardsnr. 1, Larsbruket vart det halde fram med slått fram til 1971. Vidare vart det sleppt sau på beite ved garden fram til 1989.

I 1930 vart det sett opp heis ned til fjorden. Heisen vart drifta med motvektsprinsippet, der ein nytta stein som ballast. I dag er det sett opp ein motorisert heis, med ein kapasitet på kring 50 kg.

Etter 1989 har garden vore nytta til fritidsføremål. Bustadhusa er godt haldne ved like og vert nytta jamleg, både til feriering og som bustad under hjortejakt.

## 4.3 Naturtilhøve

### 4.3.1 Geologi og landskap


#### Overordna landskap

Garden Nedbergo ligg innanfor eit stort overordna landskapsrom som er danna av Aurlandsfjorden med omliggande bratte lisider og fjell. Garden ligg høgt oppe i lisida, som dannar den austlege avgrensinga av dette overordna landskapsrommet, slik at ein på sjølve garden har ein brå og bratt avslutning av landskapsrommet mot vest medan ein har vidt utsyn dei andre retningane. Utsynet varierer avhengig av dei underordna landskapsromma danna av småformar og vegetasjon, men frå tuna og store delar av innmarka er eit vidt utsyn eit viktig element i landskapsopplevinga.

Nedbergo er eit viktig landskapselement i Aurlandsfjorden. Garden kan sjåast nedanifrå, men ligg ikkje så markert som t.d. Stigen på andre sida av fjorden. Nedbergo, Stigen og Stokko utgjer i saman ein heilskap som syner utnyttinga av landbruksareal på bratte og utilgjengelege stader langs fjorden. Dei opne sva- og beitebakkane frå fjorden og oppetter sida nedanfor Nedbergo er ein del av heilskapen. Desse areala er ikkje beita på svært lang tid, men skrint jordsmonn og opne sva gjer at attgroinga går langsamt. Ein skjøtsel av desse areala vil vere svært krevjande i høve til organisering av beiterdyrhald, og er ikkje inkludert i inneverande plan.

#### Berggrunn

Berggrunnen i området består i hovudsak av bergartar frå Jotun-Valdresdekkekoplekset, beståande av eit felt med bergartane mangeritt til gabbro, gneis og amfibolitt. Fjellområdet ovanfor består av anortositt. Garden ligg i ei sone med granodioritt til mangerittisk gneis som går heilt ned til fjorden. Desse bergartane inneheld plagioklas, eit kalkhaldig mineral. Plagioklasen i mangeritt og gabbro er dessutan karakterisert som "kalsiumrik" (kjelde: GeoLeksi, geologisk leksikon på nett). Ved forvitring vil dermed berggrunnen kunne frigje ein del kalk. Dette gjenspeglar seg dels i floraen, t.d. gjennom stor artsrikdom i dei opne engareaala (tidlegare geitebeite) oppetter lisida frå fjorden og tilsvarande areal ovanfor garden. Nokre av engane har teikn på middels høgt kalkinnhald ved t.d. innhald av mynter (bergmynte og kransmyte påvist). Kappadalselva går i eit gjel som ligg i ei oppknust sone, noko som vil gje gode tilhøve for forvitring av bergartane.



Figur 4 Nedbergo sett frå fjorden

#### Lausmassar

Typisk for området er bart fjell, evt. med tynt lausmassedekke. Nede i Kappadalen er mykje rasmateriale. Detaljane kjem ikkje fram i tilgjengeleg lausmassekart grunna for liten målestokk (1:250 000). Elles er ras og steinurer av ulike dimensjonar spreidd i fjellsida, og vekslar med bart fjell og tynt humuslag (eigne observasjonar). Oppe på garden flatar terrenget noko ut, og dekket er stadvis tjukkare. Innmarka har eit tjukt matjordlag som vitnar om mange hundreårig drift (Ohnstad 06).

#### 4.3.2 Vegetasjonstypar

Fjordsidene kring Nedbergo er svært bratte og vekslar mellom opne sva og stupbratte skogslier. Liene er igjen brote opp av hoggberg og store stup. Langs fjorden og nedanfor hoggberga ligg steinurer i varierande storleik. Dei opne areala har engvegetasjon som vitnar om tidlegare beitebruk. Areala er i byrjande attgroing med buskar og hasselkratt. Langs vegen opp til garden ligg artsrike tørrenger. Lengre sør langs fjorden, i Teigane, finst framleis opne beitebakkar i aktiv bruk til geitebeite. Det same gjeld fjordsida under Stigen, på motsett side av fjorden.

I nedre delar av fjordsida dominerer rik edellauvskog. Skogen er ein fortsetting av del av ein stor samanhengande alm – lindeskog, stadvis med rein lindebestand, som ligg langs fjordsida meir enn ein kilometer mot sør (Storeflaten frå Teigane til Kappadalen). Høgare opp går skogen over i bjørkeskog. Skogstypen er beitepåverka. Han verkar middels rik (lågurtskog, til dels storbregneskog). I nærleiken av garden har denne skogen vore nytta til lauving og beite, her finn ein velutforma hagemarksskog av bjørk. Desse er i ulike stadie av attgroing i både feltsjikt og busksjikt. Ovanfor garden held mosaikken av bjørkeskog, hagemark, rasmarkar, sva og tørrenger fram. På kring 650 - 700 m. langs vegen til Heimestølen ligg eit skogholt med grov, eldre furu. Kring stølen, som ligg omlag på same høgd, finst ope engareal og urterike tørrbakkar. Attgroing av ener et av dei opne areala. Eit lite felt med ung

furu står innanfor stølsgjerdet , elles dominerer ung bjørk mellom trea. Meir om dei ulike vegetasjonstypene og engtypane finst i kap. 4.4 (Verdiar), under avsnitt 4.4.3 (Biologisk mangfald).



*Figur 5 Artsrik engvegetasjon oppetter bergsida på veg til Nedbergo gjev grunnlag for ein rik insektsfauna.*

## 4.4 Verdiar

### 4.4.1 Landskap

Garden med innmarker er eit viktig landskapselement i Aurlandsfjorden. Bevaring av landskapet på- og kring dei attverande høgdegardane langs fjorden er vesentleg for opplevinga av landskapet i verdsarvområdet. For ei skildring av det overordna landskapet sjå kap. 4.3.1.

### 4.4.2 Kulturlandskap og kulturhistorisk verdi

Kulturlandskapet er variert, her er både beitebakkar, fulldyrka mark og natureng slåtteteigar. Hagemark med bjørk og utmarka med restar av beitebakkar, heimestøl og vel ivareteke furuskog dannar ein heilskap som godt dokumenterer produksjonssystemet ved garden. Delar av kulturlandskapet har også eit høgt artsmangfald.


Området har stor kulturhistorisk verdi, og intensiv utnytting av areala syner godt att i kulturlandskapselement som bakkemurar, stiar og (kløvje)vegar, hagemark, beitebakkar, utslåtter og slåtteenger.

## Tunet på Nedbergo



Figur 6 Både tun og kringliggende kulturlandskap er autentisk.

Bygningsmassen på garden ligg i eit klyngetun der bustadhus (framhus) og stabbur ligg øvst og uthusa ligg dels nedom (løper til begge bruka) og dels bortom.



Figur 7 Tunskisse over garden. Kjelde: Restaureringsplan for Nærøyfjorden, Høgdegården Nedbergo 55/1-2. utarbeidd av Magnus Wammen, Nærøyfjorden Verdsarvpark.

Dei to bruka har til saman sju hus i felles tun, der nokre av husa har fått har medfart av vêr og vind. Tunet er i dag urørt av nyare byggetiltak og har ei høg grad av autensitet. Dette er ein viktig verdi for tunet som eit kulturminne og for oppleving for dei som ferdast i området. For tilrådingar til restaurering av bygningane vert det vist til Restaureringsplan for Vestnorsk fjordlandskap – delområde Nærøyfjorden (Nærøyfjorden Verdsarvpark 2014).

Drikkevasskjelda på garden er eit oppkomme om lag 15 meter nordvest for nærmeste bygningen i tunet. Like ovafor drikkevasskjelda står doen som vert brukt at folk på gardane.

#### **4.4.3 Biologisk mangfold**

Nedbergo ligg i ei sør- og sørvestvend liside (fjordside). Kalkhaldig berggrunn i kombinasjon med mykje rasmark og vassig i grunnen i fuktige periodar gjev opphav til ein varmekjær og stadvis kalkkrevjande vegetasjon. Når ein stig ut av båten nede ved fjorden startar ein vandring der ein kontinuerleg bevegar seg gjennom verdifulle naturtypar som ligg i ein mosaikk i fjordsida. Høgdegradienten og ulike fukttilhøve bestemmer mykje av artsinnhaldet oppetter. Desse naturtypelokalitetane er ikkje undersøkte. Skildringa under baserer seg på observasjonar undervegs opp eller ned frå synfaring og feltarbeid oppe på Nedbergo og tidlegare artslistar funne i Gausmel og Rong (2002).

##### **Naturtypar viktige for biologisk mangfold**

Nemnd i rekkefylge slik ein møter dei langs stien oppover:

###### **Naturbeitemark**

Attgroingsfase som truleg til no har auka artsinnhaldet. Området har varierande fukttilhøve, heilt frå fuktig med mjødurt og andre høgstaude til tørre berg med småbregne, bergknapp og småsmelle. Her er svært artsrikt. Mellom interessante artar bør i alle fall nemnast vårmarihand og lakismjelt. Naturbeitemark er ei form for kulturmarkseng, ein naturtype som er vurdert som ein sårbar (VU) naturtype (Norsk raudliste for naturtypar, 2011).

###### **Hagemark av lind**

Snart kjem ein opp i eit tresett område med lågvakse lind. Trea er styvingstre, men har mindre dimensjonar enn slike tre har andre stader langs fjorden. Busksjiktet er ope, og feltsjiktet lågvakse.

###### **Edellauvskog**

I nedgangen til gjelet der stien kryssar Kappadalselva møter ein rik edellauvskog i form av alm – lindeskog, der lind er dominerande treslag. Skogen held fram oppetter gjelet og vidare frametter lisida på vestsida av gjelet. I nedre delar er ei moldrik, laus jord, som gir opphav til ein undervegetasjon dominert av høgstaude. Noko høgare er jordsmonnet tynnare, og med mykje stein. Undervegetasjonen er dominert av hassel. I denne skogen, gjerne i kantsona mot meir opne berg, veks villapal. Den første kvileplassen heiter da også Apadl (sogning for "epletreet"). Vidare møter ein andre varmekjære arter der både hagtorn og lakismjelt er verd å nemne. Etter kvart vert det mindre lind, og ein går over i ein alm-gråorskog. Denne har mykje hassel i undervegetasjonen.

###### **Sørwendt berg- og rasmark**

Edellauvskogen er brote opp av opne rasmarker og opne areal med sva og ein urterik engvegetasjon. Denne minner om naturbeitemarka nede ved fjorden, og har då også vore beita av geit, men er tørrare og har t.d. meir prestekrage. Dette må kunne kallast ein mosaikk av sørwendt berg- og rasmark og naturbeitemark dominert av tørreng. I desse engene vart det fotografert stor bloddråpesvermar.

## Hagemark av bjørk

Like etter passering av det øvste hasselkrattet kjem ein opp i ei velutforma hagemark av bjørk. Hagemarka har einundervegetasjon, m.a. med svartereknapp, raudflangre.

## Slåtteeng

I det ein kjem ut frå bjørkehagen står ein i gamle slåtteenger, dei fleste av typen "gamaleng". Sjå skildringar i kap 5.5. Innanfor skjøtselsområdet er teigane 1.4, 1.6, 1.12, 1.15, 2.6 og 3.2 vurdert til å ha dei høgaste biologiske verdiane (sjå tabell 2, tabell 3 og tabell 4 i kapittel 6). Slåtteeng er vurdert som ein sterkt trua (EN) naturtype (Norsk raudliste for naturtypar, 2011).

Held ein fram oppover, forbi tunet, kjem ein igjen inn i artsrike naturbeitemarker, der hovudtypen er tørreng. Ein går vidare gjennom bjørkeskog, dels lågurtskog og dels over rasmark, før ein kjem til Fureholten.

## Gamal furuskog

Fureholten er eit skogholt med høg, rettstamma og grov furu. Dette er ein gamal høgtliggende lågurt furuskog. Holtet er og eit viktig landskapselement, holtet skapar variasjon i vegetasjonsbiletet.



Figur 8 Fureholten

Forbi Fureholten kryssar ein Øvstagjelet før ein kjem fram på Heimestølen. Ovanfor stølen ligg beitebakkar med naturbeitemark, i hovudask turreng, men gradvis frodigare ned mot stølsgjerdet. Vegetasjonen kring stølen er skildra nærmere i kap. 5.7.

## Insekta

Området er artsrikt både på plante og høgst truleg også på insekt. Særleg sørvende tørrenger med mykje urter og høg varmeinnstråling har eit høgt potensial i høve insektsfauna. Bloddråpesvermar er

vanleg i desse bakkane (eigen observasjon). På Stigen vart det i 2007 fotografert seksflekket bloddråpesvermar (*Zygaena filipendulae*) i samband med arbeid med skjøtselsplan (Bøthun 2008). Under synfaring 29.06.09 var det fotografert stor bloddråpesvermar (*Zygaena lonicera*) i engvegetasjon på veg til Nedbergo. Denne arten står på den norske raudlista som DC (omsynskrevjande).



Figur 9 Stor bloddråpesvermar (*Zygaena lonicera*) på fuglevikke i bakkene under Nedbergo

### Orkidear

Vårmarihand, engmarihand, skogmarihand og raudflangre er registrerte i området. Mellom desse er raudflangre funne i overgang mellom eng og bjørkehagen langs stien og skogmarihand veks på Nibbåkere (teig 1.4; øvre austlegaste teig). Registreringar av vårmarihand er ikkje nøyaktig lokalisert, men arten veks minst i engareal (tidlegare beitemark) like over fjorden (eigen obs.). Engmarihand har høge fuktkrav. Arten finst på ei kryssliste som er laga av Arild Lindgård 21.juli 1993 (Gausmel og Rong 02) på tur frå fjord til fjells og det er uvisst om arten er funne i innmarka eller ei.


#### 4.4.4 Friluftsliv

Nedbergo er nytta som turmål og som stoppepunkt på lengre turar. Fleire turlag har arrangert fottur til Nedbergo, og turen er skildra i Optur Nærøyfjorden og på turkartet for Nærøyfjorden. Omfanget er ikkje kjend, slik at ein ikkje har tal på turgåarar i området utover det at både smågrupper og større turarrangement vitjar Nedbergo. Generelt er det ein auke i friluftslivet i Verdsarvområdet generelt. I praksis er Nedbergo berre tilgjengeleg med båt, sidan dei aller færraste kjem ovanfrå frå fjellet. Ein kan leige båtskyss frå Undredal for å kome seg til Nedbergo. Fasilitetane for fortøyning av båt er därlege der stien startar nede ved fjorden. Frå Nedbergo kan ein leggje turen vidare til fjells, med

Vassetstølen, Øystølen og Skjerdal som dei vanlegaste turmåla. Utan båt kjem ein til Nedbergo over fjellet, då er det er vanleg å ha utgangspunkt i Skjerdal eller frå bilvegen over Aurlandsfjellet.

#### 4.4.5 Nærings

Garden vert i dag ikkje nytta til næringsaktivitet. Det er interesse for å kunne nytte garden som beitemark for småfe. Her finst og potensiale for reiselivsnæring, men det ligg ikkje føre konkrete planar om dette pr. dato.



*Figur 10 Ein pust i bakken på eit av kvilene oppover den gamle vegen til Nedbergo. Ein veg som berre består av ein sti. Utsiktsrydding, ein stokk å sitje på og eit nemndskilt kan auke opplevinga for besøkande.*

## 5 Dagens tilstand; vegar, tilrettelegging og vegetasjon

Delområda i skildringa av vegetasjonen samsvarar med inndelinga i plankartet og tilrådingane til tiltak (kap 6.4, Skjøtsel av landskap og vegetasjon). Vegar og stiar er kulturminne jf. kulturminnelova, og er ein viktig del av kulturlandskapet. Dei er ei viktig kjelde til forståing av levemåten på gardane og til oppleving av omgjevnadane.


### 5.1 Hovudvegen

Gardsvegen til Nedbergo er ein sti som går frå fjorden og meir enn 500 høgdemeter, i mange svingar, opp den bratte fjordsida. Sjølve tunet ligg på om lag 535 moh. Vegen har i si tid vore nytta til kløv, men har i dag ikkje høgare standard enn ein fotsti. Trass lågare total standard er gardsvegen i nokså god stand. Det finst elles nokre mindre problempunkt med vassgraving og jordsig, utrasingar og mindre parti med trøng for trinn over glatt berg. Utover kryssingspunktet for Kappadalselvi kan vegen i det store og heile komme i rimeleg god stand med enkle tiltak. Det er likevel trøng for jamleg vedlikehald, og einskilde parti lyt ryddast etter vinteren kvart år.



Figur 11 Kappadalselvi er ei typisk flaumelv. Brufesta må ligge høgt, og ha fundament i bergveggane på båe sider av gjellet.

Samanlikna med andre vegar i regionen, i liknande terreng, har vegen overraskande få murar. Nokre få, låge støttemurar finst undervegs, og i øvre delar, når ein kjem opp i bjørkehagen Seljehaugen, som ligg like under innmarka, finn ein nokre litt kraftigare murar som støtter opp vegen. Det er soleis høvesvis liten trøng for å mure oppatt utraste murar.



*Figur 12 Kart over vegen frå fjorden og opp til garden. Avmerkte punkt tilsvavar tabell i tiltaksplane, sjå kap. 6.1. Kartet finst som vedlegg bak i rapporten. Moglege gjerdetrasear er inkludert i kartet for å syne plassering av grinner dersom ein seinare vel å setje opp gjerder.*

Den største utfordringa på vegen er kryssing av Kappadalselvi. Vegen kryssar elva nede i elvegjelet på kring 50 moh. Kryssinga er uproblematisk ved alminneleg vassføring, men Kappadalselvi er ei typisk flaumelv og vert svært stor og umogleg å krysse utan tilrettelegging under snøsmelting, om hausten og i samband med nedbørsprioritarar, særleg om hausten. I dag er det strekt to vaierar over elva. På vaierane er det festa eit tåg som er mogleg å sitte på, slik at ein kan dra seg over elva når ho er stor. Dette er ei lite praktisk og til dels farleg løysing.

## 5.2 Andre stier og vegar

Lisida, og særleg område kring garden har ei rekke gamle stiar, dei fleste av desse er omtrentleg kartfesta i studentoppgåva (Gausmel og Rong 02). Nokre stiar er haldne ope av hjorten, medan andre er meir tilvaksne. Berre utvalde stiar er inkluderte i planen då det ville vore for omfattande i høve til dagens bruk å rydde fram alle gamle stiar. Det finst også stiar som berre er tilrådeleg å fylge for lokalkjende med sterke nervar, til dømes nokre av vegane som fører til den tidlegare garden Kappadalen. Viktige for friluftsliv og / eller for dagleg bruk er:

### Stien til heisen.


Vegen frå gardane på Nedbergo bort til heisen er om lag 240 m lang. Vegen er smal og går dels over smale parti og glatte parti med bart berg. Her er det trond for å etablere ein betre veg. Arbeid med bolting og stokklegging i underkant for å fylle ut vegtraseen med stein og jord er påbegynt på siste stykke.

### *Stølsvegen/stien til fjells*

Stølsvegen held fram tvers gjennom tunet og vidare opp i Hagane der ein m.a. passerer Hagabekken. Vegen til fjells har tidlegare hatt kløvstandard fram til Heimestølen. Han er framleis lett å gå, men det har oppstått nokre problempunkt der jordmassar eller tidlegare murar har rast ut. Den siste delen er det to alternativ, der ein bør velje å tilretteleggje den øvste stien. På den nedste stien, etter Øvstegjelet, går stølsvegen på ei lita hylle under ein steil bergvegg, og det er stupbratt nedanfor hylla. Det er rast ut så store delar av hylla at det ikkje er tilrådeleg å leie fotturistar forbi her (prikka linje på kartet).

### *Veg over innmark til utsiktspunkt*

Frå tunet går vegar austover og vestover over innmarka. Vestover kjem ein til ei nedrast grind mellom innmark og utmark. Vidare forbi grinda går ein sti som leider til eit flott utsiktspunkt, berre kalla "utsiktspunktet". Her ser ein tvers over Fjorden til høgdegarden Stigen, og dessutan både sørover inn fjorden og nordover ut mot Sognefjorden.



Figur 13 Ulike stiar kring Nedbergo. Kartet finst i stort format i vedlegg.

### **5.3 Murar; kulturminne i innmark og utmark**

Innmark og utmarksteigar har eit ukjend tal murar. Desse har hatt funksjon som gjerde (steingard), bakkemur eller rydningsrøys (ofte kombinert med gjerde eller bakkemur), og står i dag fram som viktige kulturminne og kulturrelaterte landskapselement.

Dei største bakkemurane finn ein i innmarka. Undersida av mest alle teigar er støtta opp, og gjort flatare på denne måten. I studentrapporten er det registrert 20 ulike bakkemurar og 16 (ryddings)røyser. Einskilde murar er meir enn mannhøge. Nokre av dei større bakkemurane har

utraste parti. Særleg viktige murar i høve vedlikehald av innmarksareala er dei lange, høge murane like aust om tunet (har noko utrasing) og dei svært høge murane like vest for tunet. Likeeins er murane i underkant av Nibbåkeren (teig nr 1.4), den nedste, austlegaste teigen (teig nr 1.2) og nokre murar i underkant av Storåkeren (teig nr 1.16) viktige å halde ved like.



Figur 14 Ein av dei største skadane på stormuren aust for tunet.

Den viktigaste, og best bevarte steingarden tilknytt Nedbergo er stølsgjerde på Heimestølen. Heile stølen er omkransa av murar. Desse er så godt som intakte. Mot stupkantar eller svært bratt mark nedanfor har dei mest funksjon som bakkemurar frå innsida, men dei er høge nok utanifrå (nedanifrå) til å hindre beitedyr i å kome inn på slåttemarka. Største utrasinga ligg i overkant, der muren er (har vore) høgast. To sel har vore bygd integrert i stølsgjerde.

Rydningsrøyserne varierer i storleik og utforming. Nokre stader er det tydeleg at bakkemurar har hatt ein kombinert funksjon, og dei har mykje tilfeldig plassert, mindre Stein enn naudsynt for murfunksjonen. Nokre røyser er usystematiske og ligg i haug på plassar som truleg har hatt berg i dagen eller på anna vis har vore uproduktive. På dei mest produktive teigane er rydningsrøyserne stabla som rette murar som kan minne om grunnmurar for bygningar. Dette har spart plass, men har vore arbeidskrevjande. Dei største av slike røyser finn ein like vest om tunet. Slike "rydde-murar" er vanlege i nærområdet, og ein finn tilsvarande på mange gardar. Eit godt døme på svært forsegjorte rydde-murar finn ein på Stokko, slåtteteigar langs sørsida av fjorden (Bøthun 2008).



Figur 15 Heimestølen. To sel har vert innebygd i stølsgjerdet.

#### 5.4 Tilrettelegging

Det er i dag avgrensa tilrettelegging i området. Dette er i hovudsak enkle tiltak nausdsynte for bruken av garden. For friluftslivet er det heller ikkje anna tilrettelegging enn dette. Det ligg eit naust ved fjorden. I naustet ligg ein gamal trebåt, det er ikkje plass til fleire båtar her. Utanfor naustet ligg ei fortøyingsbøye. Her har vore rydda til båtstø både ved naustet og litt lengre vest, der gardsvegen startar, men desse er i rasa i hop. Ved kryssingspunktet for Kappadalselvi har det tidlegare vore bru, men denne (som tidlegare bruer) er teken av flaum. Det er i staden sett opp to vaierar å hjelpe seg med når elva er stor (sjå kap. 5.1 om hovudvegen for bilete og nærmere skildring).

Ein vareheis, opphavleg sett opp i 1930, går frå fjorden og opp til garden, rett aust for den høgstliggande teigen i aust. Vegen til heisen er vanskeleg å gå med tung bør. Heisen fekk motor i 2008 og tek 50 kg. Før dette vart han driven med motvektsprinsippet der ballasten var stein. Ein trengde minst 2, helst 3 for å handtere denne heisen.


I tunet er ein open brønn som drikkevasskjelde og ein alminneleg utedo. På seinsommaren er det ofte svært lite vatn.

Her finst ikkje skilting eller informasjonsoppslag i dag.

#### 5.5 Delområde 1, Garden med innmarksareal

Innmarksarealet er framleis i all hovudsak opne. Alle areal har vore slåttemark. Engene ber preg av å vere i eit tidleg attgroingsstadium etter intensivt driven slåtteeng, sjølv om bruken dei siste 14 åra med hevd var sauebeite. Dei slettaste arealet har vore nytta til åker. Under krigen vart det dyrka både korn og poteter på Nedbergo sjølv om ein i utgangspunktet hadde slutt med åkerdrift. Ei eng vart også brote opp til åker i 1941. Etter krigen vart alle åkrar tilbakeførde til eng. Areala har vore gjødsla

med husdyrgjødsel, og dels med kunstgjødsel dei siste åra av drifta. Største delen av engene kan beteknast som "gamaleng" (type G14 i Fremstad 97). Dette er enger med høvesvis høgt innhold av stadeigne urter og gras. Engene har opphavleg vore innsådde artar, men stadeigne artar har kome til over tid. Ein finn og restar av eng av ulike type, med dels høgt artsinnhold og dels kalkrevjande artar. Kulturmarksenger på upløyd og ugjødsla eller lite gjødsla mark har nasjonal verdi. Det vert i planen skild mellom nitrofil, gamaleng (tilsvarar G14 i Fremstad 97), frisk fattigeng (tilsvarar G4 i Fremstad 97) og tørreng (tilsvarar G7 i Fremstad 97). I tillegg finst turbakkar i overgangane mot bart berg som stadvis kan vere artsrike og huse kalkrevjande artar (høg biologisk verdi). M.a. er det påvist *raudflagre* på eit turt parti i overgangen mellom eng og bjørkehage.



Figur 16 Vegetasjonstype i dei ulike teigane. Nummer framom komma syner til delområde.

### Nitrofilt

På nokre få areal har nitrofile artar som bringebær nesle og tyrihjelm teke over dominansen. Dette gjeld i hovudsak teigar i nærleiken av tunet og delar av tunarealet.

### Gamaleng / Gjødsla eng (G14)

Dette er hovudtypen av engene. Her er høgt innslag av attgroingsartar, til dømes overvekt av skogstorknebb og hundekjeks, og stadvis stormaure. Mykje perikum og grove grasartar tyder på ein viss grad av nitrofiering. Dominerande grasartar er engreverumpe, enkvein og tidvis hundreas. Dominansen varierer mellom desse, men alle tre er tilstades i alle engar. Stadvis førekjem "flekker" av nitrofil vegetasjon dominert av bringebær. Dette er sjeldan, og opptrer mest typisk i nærleiken av rydningsrøyser. Engene har eit markant innslag av urter, sjølv om artsrikdomen ikkje utmerkar seg som spesielt høg. Ser ein etter innimellom graset finn ein fleire stader t.d. *raudknapp*, *gulflatbelg*,

*kransmynte, kongsmynte, karve, gulmaure, tveskjeggveronika, fuglevikke, enghumleblom, sjølv om førsteinntrykket om at enga består av gras, skogstorknebb, perikum og hundekjeks og litt engsoleie.*

Ein teig skil seg ut med høgare råme (teig nr. 1.11). Her veks mykje kvitbladtistel.

I øvre kanten av enga i teig nr 1.3 veks tett med mynteartar saman med piggstorr, noko som tyder på høvesvis basisk jord.

#### **Frisk fattigeng (G4)**

Denne typen førekjem på enger eit stykke unna tunet, viktigast er Nibbåkeren der dette er dominerande type. Enga i Nibbåkeren er tydeleg mindre nitrogenpåverka enn gjennomsnittet på Nedbergo. Feltsjiktet er meir lågvakse og har mindre engreverumpe og hundegras og meir av mjukare grasarter, og særleg mykje gulaks. Her er urter som gulmaure, kvitkløver, raudkløver tveskjeggveronika, tiriltunge, teiebær, men også her er noko skogstorknebb, hundekjeks, perikum og engsoleie. Her veks og skogmarihand.

Lengst sør-vest i innmarka ligg nokre små teigar oppdelte av korte, høge murar, omkransa av lauvtre. Teigane dannar små, intime landskapsrom, som små hagar. Her er gulaks viktig grasart, og feltsjiktet er mjukt og meir lågvakse enn på dei store opne teigane. Mellom urtene finn ein m.a. marikåpe (ikkje bestemt til spesifikk art), tiriltunge, tepperot, kvitkløver, raudkløver, rundskolm, ryllik, stormarimjelle, noko skogstorknebb og prikkperikum.

#### **Turreng (G7)**

Mindre parti i fleire av engene har turre felt.

Utover dette har berre ein liten teig ein turr engtype som nærmar seg turreng. Denne ligg i overkant i vestleg ende av innmarka. Enga har innslag av engtjæreblom og er elles dominert av kvitmaure og til dels gulmaure. Gulaks vert viktig gras. Artsinnhaldet er ikkje særleg høgt.

Elles finn ein i turbakkeelementet i kantar og opp mot sva fleire plassar. Her kjem det inn fleire artar, som kvitbergknapp, bitterbergknapp, ryllik, markjordbær, smyle, småsyre, engtjæreblom, legeveronika, småsmelle, fjellmarikåpe, skjørlok, lodnebregne, svartburkne, blåklokke og smalkjempe (ikkje uttømmande).

#### **Einehage**

Eit parti i innmarka vest for tunet (teig nr. 1.10) har mykje grov stein og blokk. Her er og mykje einer, og teigen har truleg vore halden som einehage. Feltsjiktet er grasdominert, og skil seg ikkje i vesentleg grad frå teigane omkring.

### **5.6 Delområde 2 Hagemark og anna nær utmark**

Delområde 2 består i all hovudsak av tresett mark. Noko er gjengrodd, tidlegare ope beiteareal og utslått, og noko er bjørkehagar. I flyfoto frå 1971 går det fram at desse areala har vore sterkt utnytta. Berre bjørkehagene og ein beitehage der trea ikkje har vore lauva har vore tresett med meir enn einskildtre. Beitehagen har høvesvis unge tre, som truleg vore slepte opp etter krigen.

Feltsjiktet i desse hagane er grasdominert, men skogsartar er på veg inn. Dei er i ulik grad av attgroing, og einer er i ferd med å ta over nokre plassar. Også unge lauvtrær har byrja å kome, men i ulik grad i dei ulike hagane.

Den viktigaste av hagemarkene i opplevelingssamanheng er den som ligg på Seljehaug. Etter namnet å døme har det også stått selje som vart lauva her. Denne kan ha gått ut, då selja ikkje vert så gamal som bjørka. Ein kjem til bjørkehagen på slutten av oppstiginga mot garden, og får ein fin introduksjon til kulturpåverka mark. Øvst oppe møter ein undersida av bakkemuren under ein av dei nedste engene før ein kjem over på dyrkamark. I overgangssonane mellom hagemark og eng er det gjort funn av orkideen raudflangre, noko som bekreftar rikdomen i vegetasjonen her. Hagen er i tidleg gjengroing. Einer har komne langt men her er framleis lite unge lauvtre. Feltsjiktet er gras- og urtedominert. Merknadsverdig (men og eit teikn på suksesjon mot skog) er førekomensten av den høgvakse (klatrande) arten *svart erteknapp* som er ein skogsart for høvesvis rike (varmekjære) skogstypar.

Innimellan nokre av dei opne engene står også små parti med hagemarksvegetasjon. Den mest velutforma av desse lommene med hagemark er den som ligg over teig nr 1.14. Trea i denne hagen er store, med vide kroner, og er på same måte som murane, viktige som landskapselement.

## 5.7 Delområde 3, Heimestølen

Heimestølen ligg på 700 moh. Stølen ligg på ei lita hylle i den bratte lisida, og har stupbratt terreng under seg på to kantar. Det mest iugnefallande ved stølen er stølsgjerdet, steingarden som omkransar selbøen. Her finst restar etter to sel, eit til kvart bruk. Det finst framleis nokre restar etter treverk, men i hovudsak er det murane til sela som står att. Desse er bygd inn i stølsgjerde. Sjølve steingarden er skildra i kap. 5.3.

Innanfor stølsgjerde finn ein i dag noko open mark. Dette er litt grasmark, men i hovudsak dominerer nitrofil vegetasjon dominert av tyrihjelm. Store areal er dekt av einer og ungbjørk er også på god veg til å etablere seg. I nedre del står ein liten teig med tett, ung furu. Selbøen kan ikkje seiast å ha store biologiske verdiar, men han er viktig som landskapselement i seg sjølv og som ein del av heilskapen i kulturlandskapet knytt til høgdegarden Nedbergo.

Dei største botaniske verdiane finst i beitebakkane ovanfor stølsgjerde. Einer er i ferd med å ta over den tidlegare opne lisida, men bakkane nærmest selbøen er framleis opne. Her finn ein eng som blomstrar i friske fargar på forsommaren. Nedst, der marka er friskast, kjem det inn høgstauder. Her veks m.a. hundegras, vendelrot, skogstorknebb, prikkperikum, piggstorr, kransmynte og kongsmynte. Øvre delar er turre, med meir lågvakse og urterikt feltsjikt i typisk turreng. Merknadsverdig i desse bakkane er førekomst av engnellik, ein kulturbetinga art som er i tilbakegang grunna oppgjødsling eller gjengroing av slätte- og beitemark.

## 6 Tiltaksplan

### 6.1 Hovudvegen

#### Bru

Kappadalselvi er ei typisk elv der det er stor fare for flaum og rasfare heile året. Ei fastbygd bru som kan setjast opp innanfor rimelege økonomiske rammer i høve til kor stor bruken er, vil ikkje vera tilrådeleg å setje opp.

Det lyt setjast opp fundament for ei bru der dekket kan takast av, evt. ei bru som kan heisast opp og ned. Brudekket vil truleg måtte takast av og på fleire gonger gjennom året, og lyt vere handterbar, helst av ein mann aleine. Fundamentet lyt forankrast i berg. Det vert tilrådd ei bru med forankring høgt oppe på austsida av elva, i tilsvarende høgd der dagens vaierar er festa, men noko lengre ned. Beste alternativ er plassen for tidlegare brufeste.



Figur 17 V: Mogleg plass for innfesting av brufundament på austsida (i berget bakom raudkledd person). H: Parti med trong for fastbolting av tverrstokkar. Foto: Åsmund Finsrud Dale.

Tilrådde restaurerings og vedlikehaldstiltak på stien

Tiltaka er nemnde i kronologisk rekkefylge nedanfrå og opp. For plassering sjå kart for hovudstien i vedlegg, referansar til kartet er nemnd i parentes. Så også Tabell 1 i kap. 6.3. Dei fleste av dei nemnde punkta bør ha tilsyn, og tiltaket lyt truleg takast opp att med ulike mellomrom.

- Gjennom parti med høgvakse feltsjikt bør stien verte slege to gongar gjennom sesongen, m.a. for å vere lettare å finne. Første strekning dette gjeld er heilt nedst, frå fjorden til eit stykke før ein kjem inn i lindeskogen (ikkje spesielt avmerkt på kartet).

- Nedgangen til Kappadalselva på austsida; Partiet er bratt og består i stor grad av sva. Det er utlagt eit tog til å halde seg her i dag. Ein bør leggja trinn av stokkar understøtta av boltar, +/- 4 trinn er truleg nok (problemstrekning 1).
- Jordras og vass-sig/graving på strekninga mellom Kappadalselvi og første krappe sving vest for denne (problemstrekning 2, punkt merkt med jordras). Ein er her i edellauvskog med ei mørk, porøs jord. Jorda er open om vinteren og våren før undervegetasjonen har etablert seg. Jordas sig, og faste smeltevassbekkar grev i vegen. Det er ikkje mogleg å leide desse unna utan omfattande muring eller røyrlegging, noko som ikkje er ynskjeleg. Dette partiet lyt takast att kvar vår. Det er nok med handreiskap, og arbeidet består i å fjerne nedkommen laus Stein og noko gravearbeid for å rette opp att stien.
- Etter første krappe sving etter elva ligg ”startpunktet” for den største av dei gravande vårbekkane (merkt med jordras, pkt. 36). Ein kan freiste med veit og klopp (som pkt. 12) men det er fare for at små ras kan ta dette med seg. Truleg er dette eit punkt som vil krevje årleg arbeid.
- Like etter pkt. 36 går eit vassig (merkt med vassig, pkt. 12). Plassen har ei lita treklopp i dag, men denne er i ferd med å rotne vakk. Det bør steinsettast ei veit på tvers av vegen, og leggjast ny klopp over.
- Ei lite stykke før kvileplassen Apladn går vegen over bart berg som vert glatt i fuktig vær (problemstrekning 3). Her er det trong for trinn. Dette kan gjerast med boltar og stokk på tvers. Arbeid med bolting vart igangsett før etablering av landskapsvernområde, men vart ikkje fullført. Nokre bolt og borehol finst difor på staden. Det er truleg trong for nokre fleire boltar.
- Mellom Apladn og Halvgjenge er vegen støtta opp av ein langsgåande stokk i underkant (problemstrekning 4). Stokken er morken og lyt skiftast.
- Trong for utskifting av langsgåande stokk som støtter vegen like før Seljehaugen (etter Seljegrov) (problemstrekning 5)
- Der vegen kryssar evt. gjerde for beitedyr treng ein grinder. Grinder på stiane må ha automatisk lukking, evt. grinder inn og ut av tunet kan ha manuell lukking. Punkta er merkte med ulik farge for gjerder i prioritett 1 og 2.

Nokre tiltak for allmenta som kan auke opplevingskvalitetane ved vegen, så som utsiktsrydding og skilting, vil vere positivt. Slike tiltak er og merkte av i kartet, og omtalt under kapittel 6.3.



Figur 18 Nedgangen til elva på austsida er kronglete og kan være glatt. Eit rep å halde seg i er godt å ha her. H: Turen opp byd på flotte utsiktspunkt (foto til høgre: Åsmund Finsrud Dale).

## 6.2 Andre stiar og vegar

Sjå kartvedlegg og også Tabell 1 i kap. 6.3 for lokalisering av dei tilrådde tiltaka.

### Stølsvegen

Viktige punkt:

- Det er trong for trinn ved oppstiginga over sva over Hagen (nokså nær garden, merkt med utrasing av veg, pkt. 25).
- Forbi Øvstagjelet er den gamle kløvjevegen delvis utrast. Det er ikkje tilrådeleg å leide turgårar inn på den gamle vegen. Stien bør følgje vegen til fjells, som passerer Heimestølen i overkant av beitebakken over seluftene. Stien kryssar Øvstagjelet. Her er det trong for å setje opp ein vaier langs innsida av stien til å halde seg i, på begge sidar av gjelet (merkt i kartet som problemstrekning 7). Elles er denne stien godt farbar. Ein gamal løypestreng kryssar stien nede på bakken. Denne lyt fjernast, då han er ein farleg snubletråd.

### Vegen til heisen


Bolting for stokklegging og utfylling er påbegynt men ikkje fullført. Det vert tilrådd å etablere ein breiare trase enn i dag for å gå trygt med tung bør. Vegen bør være minst  $\frac{1}{2}$  m brei. Store delar av vegen lyt byggjast opp med stokklegging med bolt eller alternativt med muring i underkant. Dette tiltaket er naudsynt over ei strekke på kring 130 m. *Det krevst røynde tørrmurarar for å setje opp ein vegmur som held godt nok over tid!* På dei partia som allereie er boltsette bør ein halde fram med stokklegging som planlagd. Dette gjeld den vanskelegaste delen av vegen.



Figur 19 Frå strekning med trong for oppattbygging av veg/sti til heisen

#### *Omlegging av sti kring garden*

Det vert tilrådd ein ny trasé for turgåarar forbi garden. Nedanfor tunet lyt det setjast opp eit skilt som syner vegen til utsiktpunktet og vegen til Heimestølen og vidare til fjells. I staden for å leide turgåaren tvers gjennom tunet bør skiltet peke vestover, og ny sti etablerast over innmarka på undersida av nedste løa (låven). Vest for tunet ligg to bakkemurar under kvarandre, Stien lyt gå ovanfor den nedste muren, men under den øvste... Det vert viktig med retningspil der den nye og gamle stien møtest. Frå utkanten av innmarka kan det gjenopnast ein tidlegare sti som skrår seg opp gjennom bjørkehagen ovanfor innmarka. Stien kjem inn på stølsvegen ovanfor tunet. Når ny sti vert rydda, skal den samtidig merkast med retningskilt. Dersom de syner seg at sti-traseen og utedoen ikkje fungerer godt for fotturistane, må ein sjå på sti-trase og plassering av utedo ein gong til.



Figur 20 Kart som syner tiltakspunkt nær tunet og stinett med nye trasear for å skåne tunet

Sogn og Fjordane fylkeskommune fordeler statlege midlar til kulturminne på verdsarvlista (Statsbudsjettet kap. 1429 post 72.9). Eigarane kan søkja fylkeskommunen om tilskot til restaurering av vegar og stiar i verdsarvområdet. Arbeidet skal gjennomførast etter antikvariske prinsipp.

### 6.3 Tilretteleggingstiltak

Under er nemnd både tiltak for tilrettelegging til enkelt friluftsliv og tilrettelegging for bruk av beitedyr i skjøtselen. Tilrådde tiltak er kartfesta i figur 20 (vedlagt i større format). vedlegga. Nummereringa følger tabellen under.

*Tabell 1 Oversikt over kartfesta tiltakspunkt, jf. kartvedlegg. NB. Nummera 7-9 og 26-32 er teke ut av tabellen og figur 20 då dette er punkt for grinner dersom ein vel å setje opp gjerde. Jfr. høyringa har ein gått vekk frå å setje opp gjerde. Plan for inngjerding inkl. tilhøyrande grinner finst som vedlegg slik at det vert mogleg å gjere dette om det vert ønskt ved seinare høve.*

<b>Id</b>	<b>Punkt type</b>	<b>Evt. namn på skilt</b>	<b>Tiltak</b>
1	Utsiktpunkt		Rydde utsikt
2	Ny do		Sette opp do på eigna stad
3	Heis		Heis
4	Vasskjelde		Ordning for vatn til beitedyr
5	Brønn		Sikring mot ureining
6	Nytt vassuttak		Ordning for vatn til beitedyr
10	Elvekryssing, 2.pri		Ny bru
11	Jordras		Vedlikehaldspunkt
12	Fuktsig		Vedlikehaldspunkt
13	Løetuft		Framrydding av tuft
14	Kvile	Apladn	Namneskilt, utsiktsrydding
15	Kvile	Seljegrov	Namneskilt, utsiktsrydding
16	Informasjonspunkt	Nedbergo	Informasjonsoppslag
17	Naust		Vedlikehald av naust
18	Restar av gamal kai		Ny kai (gjenoppbygging)
19	Vegaskilje		Retningsskilt
20	Vegaskilje		Retningsskilt
21	Vegaskilje		Retningsskilt
22	Namneskilt	Heimastølen	Namneskilt
23	Namneskilt	Nedbergo	Namneskilt
24	Utrasing av veg		Vedlikehaldspunkt
25	Utrasing av veg		Trinn
33	Utrasing av veg		Vedlikehaldspunkt
34	Kvile	Halvgjenge	Namneskilt, utsiktsrydding
35	Holveit		Reparering av veit
36	Jordras		Vedlikehaldspunkt
37	Vasskjelde	Hagabekken	Vasskjelde
38	Informasjonspunkt		Informasjonsoppslag

### **Informasjonsoppslag:**

Det bør setjast opp oppslag med temainformasjon. Her bør det og spesifikt åtvarast mot **brannfare** og opplysast om **forbod mot bruk av open eld i nærleiken av garden og stølen heile året**. Det bør også åtvarast om **faren for å utløyse steinsprang** på vegen opp, og gjevast ei tilråding om å gå samla for å unngå at nokon får Stein på seg.

- Ved startpunktet til vegen, tema verneområde/verdsarvområde og høgdegarar.
- Ved grinda mellom utmark og innmark tema: garden Nedbergo, verdiar og historie

### **Retningsskilt:**

Retningsskilt bør setjast opp på desse plassane:

- Der stien mot Kappadal tar av, før elvekryssinga nedanifrå (KUN skilting av stien mot Nedbergo, bør ikke skilte mot Kappadal av tryggleiksomsyn)
- Retningsskilt med fleire namn like under tunet; Utsiktpunkt, Heimestølen, Vassete, Skjerdal om Øystølen.
- Retningsskilt før Øvstagjelet: Heimestølen, Vassete, Skjerdal om Øystølen.

Ein del gamle vegar og stiar er i dårlig stand og går på plassar der ein treng å vere lokalkjend for å finne vegen. Det vil vere svært farleg å leie ukjende ut på desse vegane/stiane. *Det vert difor frårådd å skilte på andre plassar enn det som er konkret nemnt i planen.*

Det vert tilrådd å nytte naturmateriale i namne- og retningsskilt, og å utforme skilta etter verdsarvområdet (Vestnorsk fjordlandskap) sin skiltmal.

### **Tilrådde plassar for namneskilt:**

For å formidle lokalkunnskap og historie kan ein setje opp ein del namneskilt. Framlegg til plassar for skilt:

- Kappadalselvi
- Apadl (kvile)
- Halvgjenge (kvile)
- Seljegrov (kvile)
- Seljehaug
- Nedbergo
- Heimestølen

### **Kai:**

Det er trong for kai der besøkande kan legge til med båt. Det er også behov for båtstø for betre plassering av båt.

Kai vert tilrådd lokalisert like aust for elveutløpet, dvs. noko vest for naustet (sjå biletet under), der ein i dag har restar etter eksisterande kai. Kaia skal være av moderat storleik og byggjast i naturmateriale. Tidlegare kai var truleg ei steinkai. Alternativt kan ein byggje i tre kombinert med steinfylling.

Gjenoppføring av kaia lyt få eit eige kostnadsoverslag utført av kompetent handtverkar på førehand. Grunneigarane må søkja om løyve frå Nærøyfjorden verneområdestyre og Aurland kommune om løyve til oppføring av kai.



Figur 21 Lokalisering av kai: Innunder gråora som veks rett til høgre for elveutløpet ligg murrestar etter ei tidlegare kai. Her kan det høve å føre opp ei ny kai.

**Do:**

Tilrådd ny lokalisering av ny do bør som ei prøveordning plasserast nordvest for tunet bak ein stor stein (sjå Figur 20 eller vedleggskart i større format)). Denne utedoen skal nyttast av turgåarar.. utedoen er av enkel standard, og SNO har ansvar for tilsyn med utedoen.

Eksisterande do ligg rett ovanfor vasskjelda på garden (som ligg rett ved gardstunet), noko som er ei uheldig plassering. Denne bør flyttast nokon meter lenger vest slik at den ikkje står tett oppom brønnen. Når løene på Nedbergo er restaurerte, ynskjer grunneigarane å flytte utedo inn i desse. Grunneigarane har ansvar for doen som vert nytta av eigarane.

**Rydding av utsiktspunkt:**

Det vil vere positivt å rydde fram utsikten på utsiktspunktet aust for innmarka og ved kvilene. På kvilene ligg Stein / terregn slik at det er lett å setje seg ned. Ved første kvile, Apadl er det mogleg å legge store steinar betre til rette enn i dag, slik at ei mindre gruppe kan setje seg ned og nyte (den framrydda) utsikten.

**Transport:**

Det er viktig at heisen fungerer godt for å få til rasjonell drift. Det vil vere trong for helikopterløyver både i samband med restaurering av bygningane og i samband med hald av beitedyr. Det vert tilrådd å tildele 3 – 5 årlege løyver for faste flygningar, og elles løyve for spesifikke transportar.

**Sikring av drikkevasskjelde:**

Det er trong for betre sikring kring drikkevasskjelda. Kjelda bør få inngjerding mot beitedyr og tryggleik for barn. Planar om støyping og betre lokk føreligg. Det er viktig at desse planane vert gjennomførte.

### **Vatn til beitedyr:**

For å sikre at beitedyr får vatn bør det etablerast vassuttak ved Beinstegen som ligg lett tilgjengeleg like nedanfor innmarka (avmerkt i kart, pkt. 4). Eventuell inngjerding av dette slik at dyra kan sleppast ned til vatnet. På forsommaren kan ein etablere drikkevatn for dyr ved hjelp av overløp frå brønnen, og evt. oppsamling av takvatn, kanalisert ned til ein eige vassuttak lengre ned (avmerkt i kart, pkt. 6). Denne kan avlaste kjelda under innmarka i høve trakk i fuktige periodar på forsommaren.

Ovanfor tunet ligg ei vasskjelde kalla Hagabekken (avmerkt i kart, pkt. 37). Vatnet er samla opp i en dam på staden. Kjelda tørkar ut utover sommaren. Her er det mogleg å etablere ein brønn som kan halde på vatnet som eit reservoar. Vatnet vil verte stilleståande og lite eigna for drikkevatn, men det vil verte ei god reservaløysing for vatn til dyr.

*På stølen er det berre aktuelt med vårbeite, m.a. av omsyn til vasstilgang. Uttak frå Stølsgrovi med slange er ei mogleg løysing.*

### **Gjerde:**


Grunneigarane ynskjer ikkje inngjerding av innmarka på Nedbergo, men beiting av husdyr utan inngjerding. Kartvedlegg viser inngjerding dersom dette vert aktuelt seinare. Ved evt. framtidig oppføring av gjerde vert det gjort slike tilrådingar:

Gjerdetype: Det vert tilrådd nettinggjerde med faste stolpar og straumførande tråd både over og under nettingen. Dette for å mogleggjere bruk av geit som beitedyr. Vasstilgang: Forsommar: etablering av drikketrau (pkt 6) med overskotsvatn frå brønnen, auka med vatn samla frå tak.

Seinsommar: etablering av drikketrau ved Beinstegen (pkt 4), ei kjelde like under innmarka.

Grinder: Det vert tilrådd sjølvlukkande grinder der hovudstien kryssar gjerde, dvs. på to plassar.

Andre grinder kan være manuelle. Sjå kartvedlegg for plassering av grinder.




Figur 22 Tiltradde trasear for inngjerding for skjøtsel ved småfeite.

## 6.4 Skjøtsel av landskap og vegetasjon

Området er delt inn i 3 delområde:

- 1 = Innmarka på garden i dag
- 2 = Nær utmark; dvs. utmark som ligg kring innmarka og består av tidlegare slåttemarker, beitemarker og hagemark
- 3 = Stølen med stølsgjerde og opne engareal i bratte bakkar ovanfor stølshusa.



Figur 23 Delområdeinndeling etter type og arealtilstand.


Dei tilrådde tiltaka nedanfor består av rydding og tynning av tre, buskar, nyperose og einer, framrydding av murar, gjenoppmuring av dei viktigaste bakkemurane, beiting, beitepussing og slått, med eigne tiltak for kvar einskild teig.

Teiginndelinga har som mål å vere praktisk, og elles skilje på ulike typar av eng (vegetasjonstype). Den fylgjer ikkje teigane frå drifta, men ein har likevel freista å ikkje dele gamle teigar. Teig 1.16, Storåkeren er til dømes eigentleg ei samanslåing mellom den største teigen på garden med mange, kringliggande mindre teigar.

### Rydding

Det er trong for rydding i alle delområda. Det trengs fjerning av hyperosekratt, einer og ungskogoppslag (ulike lauvtreslag) i utkanten av teigane og dels ute i engene. Delområde 2 har mest areal med sterkt gjengroing. Kva type oppslag som dominerer den einskilde teig kjem fram av tabellane for dei ulike delområda (Tabell 2, 2 og 3).

Det vert tilrådd å rydde fram viktige murstrukturar ved å slå ned høgvakse artar oppunder muren og fjerne tre og busker nær muren for å hindre at røtter sprengjer muren, og for å få muren fram i dagen.



Figur 24 Teiginndeling med tilrådingar i høve tiltaka beite og slått. Sjå teksten nedanfor for skildring. Forklaring på teignummer: Delområde 1: teig 1.1 - 1.16, Delområde 2: teig 2.1 til 2.9, Delområde 3: teig 3.1 og 3.2.

### Beite

Hovudskjøtselen bør skje ved hjelp av beitedyr, då slått på alt arealet vil vere for ressurskrevjande. Her er ikkje vesentlege botaniske verdiar som vil verte forringa ved beiting. Vasstilgang er minimumsfaktor i beitedyrhaldet, med berre ei kjelde med vatn seinsommar og tidleg haust. Det er ikkje praktisk mogleg med dagleg tilsyn. Styrt beite er difor ikkje ein praktisk gjennomførbar metode. For tilrådingar for tilrettelegging for beitedyr som vasstilgong, gjerde og grindar, sjå kap. 6.3, Tilretteleggingstiltak. Det vert frårådd å gjerde ute tunet av praktiske omsyn. Gjerdene vil raskt kome i vegen under restaurering av bygningane.

### Slått og beitepussing

I delområde 1 vert det tilrådd slått med kraftig slåmaskin første sommaren for å jamne ut tuer. Vidare vert det tilrådd slått på utvalde teigar (sjå kart) ein gong i året, for å hindre tuedanning og halde på preget av slåttemark. Teigar og småfelt med svært nitrogenrik jord (sjå kart) bør få intensiv slått (minst 2 x pr. sommar, helst 3) i **oppstartsfasen**, dvs. i 3 år, evt framhald i 5 år om naudsynt. Målet er å utarme plantene slik at meir ynskte engartar slepp til.

Maskinell slått bør nyttast der det er mulig, slåmaskin på slette teigar, motorljå til kantslått. I tunet er langorven best! Generelt atterhald: Ikke motorljå på særleg artsrike enger.

### Muring

Det er trøng for gjenoppmuring av utraste bakkemurar. Eigarane kan søkja fylkeskommunen om støtte til restaurering av murane. Arbeidet må gjerast etter antikvariske prinsipp (sjå informasjon om midlane i starten av dette kapittelet).

Særleg prioriterte murar:

- Stormuren rett aust for tunet
- mur under Nibbåkeren
- mur under teigen som ligg rett over Seljehaugen (teig nr 1.2.)



Figur 25 Ortofoto, kjelde: Norge i bilder. Dei største murane kjem godt fram i biletet.

I tabellane er det nytta nokre symbol:

Grad av gjengroing:

- 1 = byrjande gjengroing i form av endra artsinnhald og -dominans i enga
- 2 = middels gjengroing; nyperose, oppslag av unge lauvtre, noko fortetting av einer
- 3 = langtkome gjengroing; kratt og ungskog, store tette einebasar

Beite: 1 = beiting, 0 = ikkje beiting

Slått: 0 = ikkje slått, 1 = slått ein gong pr. år, 2 = slått to gonger pr. år.



Figur 26 Mur under teig nr. 1.2,stein til venstre i biletet er utrast frå muren.

### **Delområde 1: Innmarka på garden**

**MÅL FOR SKJØTSELEN:** Det er eit mål å få delområdet til å framstå som velskjøtta. Dette inneber stell av områda nær husa, å rydde fram / fristille murar og mure oppatt der dei er rast ut, nedkjempe oppslag og gjengroingsartar, gjenskape brukspreg framfor forfallspreg på engene.

**PRIORITET:** Heile delområde 1 har førsteprioritet.

#### **TILRÅDINGAR TIL TILTAK:**

##### Rydding

Nyperosekratt, einer og oppslag av ulike lauvtreslag i utkanten av teigane og dels ute i enga  
Det vert tilrådd å rydde fram alle murstrukturar i delområdet. Det er viktig at det vert slege kvart år, og at ein slår heilt ut i kantane. Det kan vere naudsynt å gå over med krattknusar /beitepussar første året.

##### Beite

På heile arealet

##### Slått og beitepussing

Årleg slått på alle teigane, teigar med mykje nitrofile artar bør slås 2 gonger. Beitepussing ved behov der det vert danna tuer.

## Muring

Særleg prioriterte murar:

- Stormuren rett aust for tunet
- mur under Nibbåkeren (teig nr 1.4)
- mur under Storåkeren (teig nr 1.16)
- mur under teigen som ligg rett over Seljehaugen (teig nr. 1.2)

## INNDELING I EININGAR:

Delområdet er delt inn i til saman 16 teigar. Kartet i Figur 16 syner plassering av dei ulike teigane

Eining for skjøtsel		Areal og tilstand			Tiltak		
Teig nr	Navn	Areal (Daa)	Vegetasjons type	Grad av attgroing	Rydding	Beite	Slått pr. år
1.1	Nibbåkeren	0,2	Gammeleng	2	Kantrydding	1	1
1.2		1,2	Gammeleng	2	Einer	1	1
1.3		0,7	Gammeleng	2	Einer	1	1
1.4		2,8	Frisk fattigeng	1	Kantrydding	1	1
1.5		1,0	Gammeleng	1	Ingen	1	1
1.6		1,0	Tørrbakke	1	Einer	1	0
1.7	Over tunet	3,4	Gammeleng	1	Kantrydding	1	1
1.8		1,7	Gammeleng	2	Einer	1	2
1.9		1,5	Tun	1	Ingen	1	2
1.10		0,8	Einehage	2	Tynning av einer	1	1
1.11		0,4	Gammeleng	1	Einer	1	1
1.12	Storåkerhagene	0,4	Tørreng	1	Kantrydding	1	1
1.13		3,6	Gammeleng	1	Kantrydding	1	1
1.14		1,6	Gammeleng	2	Lauvoppslag	1	1
1.15		2,5	Småhager	2	Lauvoppslag	1	1
1.16	Storåkeren	12,2	Gammeleng	1	Lauvoppslag	1	1

Tabell 2 Oversikt over teigane i delområde 1, med tilrådingar til skjøtselstiltak.

Teigar med lågt beitepress bør prioriterast for slått, då det er viktig å fjerne biomasse. Elles bør det gjevast prioritet i høve slått til dei teigane som har det høgaste artsmangfaldet, dvs. teig 1.4, 1.6, 1.12, 1.15, dernest teigar i utkantane då desse står i størst fare for attgroing (teig 1.1, 1.2, 1.11, 1.14).

## Delområde 2: Nær utmark; tidlegare slått, beitemarker og hagemark

**MÅL FOR SKJØTSELEN:** Reetablering av beiteprega feltsjikt, opning av busksjikt. Ivaretaking av artsrik engvegetasjon i beitebakkane over tunet.

**PRIORITET:** 2 for Seljehaugen og tørrbakkene ovafor tunet, elles prioritet 3

### TILRÅDINGAR TIL TILTAK:

#### Rydding

Rydde einer og ungt oppslag i beitemark, utslått og hagemark . Tynne underskogen i hagemark. Ved tynning bør det setjast att einskilde bjørketre til erstatning for gamle tre som etterkvert kjem til å gå ut. Desse lyt være så store som mogleg for å overleve småfebeiting!

#### Beite

Dersom området er gjerdet inn kan ein innføre beitedyr her ved å auke det inngjerda arealet til å inkludere desse teigane. I utgangspunktet vil dyra gå fritt slik at dei kan beite også her.

## Muring

Særleg prioriterte murar:

- Murane i overkant av teig 2.1 (avgrensing av bjørkehage, bakkemurar som støtter opp slåtteengene ovanfor)

## INNDELING I EININGAR:

Delområdet er delt inn i 9 teigar. Kartet i Figur 16 syner plassering av dei ulike teigane.

Eining for skjøtsel		Areal og tilstand			Tiltak		
Teig nr	Navn	Areal (Daa)	Vegetasjons type	Grad av attgroing	Rydding av	Beite	Prioritet
2.1	Seljehaugen	5,7	Bjørkehage	2	Tynning	1	2
		2,8	Tresett beite	2	Tynning	1	2
		4,8	Tresett beite	2	Tynning	1	3
		9,7	Tresett beite	3	Tynning	1	3
		2,4	Bjørkehage	3	Tynning	1	2
		2,2	Tørrbakke	2	Einer	1	2
		3,2	Tørrbakke	3	Einer	1	3
		1,4	Bjørkehage	3	Tynning	1	2
		0,7	Krattskog	2	Ung lauvskog	1	3

Tabell 3 Oversikt over teigane i delområde 2, med tilrådingar til skjøtselstiltak og prioritering

## Delområde 3: Heimestølen

**MÅL FOR SKJØTSELEN:** Målet er å ta vare på dei opne areala som viktig landskapselement, og framheve murane som viktige kulturminne. Det er også eit mål å ta vare på det høge biologiske mangfaldet i bakkane ovanfor selbøen.

**PRIORITET:** Heile delområde har prioritert 2

### TILRÅDINGAR TIL TILTAK:

#### Rydding

Fjerne ungfur og bjørk. Rydde tett einer. Rydde slik at stølsgjerde kjem fram.

#### Beite

Innføre beitedyr på forsommarsbeite

#### Muring

Særleg prioriterte murar er murane i overkant av teig 2.1 (avgrensing av bjørkehage, bakkemurar som støtter opp slåtteengene ovanfor)

#### Slått

Intensiv slått mot nitrofile arter innanfor stølsgjerde

## INNDELING I EININGAR:

Delområdet er delt inn i to teigar; innanfor og bakkane ovanfor stølsgjerdet. Kartet i Figur 16 syner plassering av dei ulike teigane.

Eining for skjøtsel		Areal og tilstand			Tiltak		
Teig nr	Navn	Areal (Daa)	Vegetasjons type	Grad av attgroing	Rydding	Beite	Slått
3.1	Stølsgjerdet	4,8	Gammeleng	2	eineroppslag	1	2
3.2	Stølsbakkene	4,5	Tørreng	1	eineroppslag	1	0

Tabell 4 Oversikt over teigane i delområde 32, med tilrådingar til skjøtsestiltak

## Kjelder

- Gausmel, S. og Rong, G. O. 2002. Nedberge; Historie og arealbruk på ein høgdegard i Aurland kommune i Sogn og Fjordane. Kandidatoppgåve i Landskapsforvaltning og planlegging 2002. Høgskulen i Sogn og Fjordane.
- Bryhni, I. 1977. Berggrunnsgeologisk kart Aurland 1416 IV, M 1:50 000. Preliminær utgave. Noregs geologiske undersøkelse.
- Fremstad, E. 1997. Vegetasjonstyper i Norge. NINA temahefte 12.
- Fremstad, E. og Moen, A. 2001. Truede vegetasjonstyper i Norge. NTNU vitenskapsmuseet, Rapport botanisk serie 2001 – 4.
- Fylkesatlas: <http://www.fylkesatlas.no>
- Fylkesmannen i Sogn og Fjordane 2008. Forvaltningsplan for Vestnorsk fjordlandskap, delområde Nærøyfjorden.
- GeoLeksi (geologisk leksikon på nett): <http://alun.uio.no/geomus/leksi/>.
- Klakegg, O., Nordahl-Olsen, T., Sønstegaard, E. og Aa, A. R. 1989. Sogn og Fjordane fylke, kvartærgеologisk kart – M 1:250 000. Noregs geologiske undersøkelse.
- Lindgard, A. og Henriksen, S. (red) 2011. Norsk rødliste for naturtyper 2011. Artsdatabanken, Trondheim.
- Moen, A. 1998. Nasjonalatlas for Norge: Vegetasjon. Statens kartverk, Hønefoss.
- Mossberg, B. og Stenberg, L. 2007. Gyldendals store nordiske Flora, revidert utgave. Gyldental Norsk Forlag AS.
- NGU, kart- tenester på nett: <http://www.ngu.no>
- Norderhaug, A. 1999. Skjøtselsboka for kulturlandskap og gamle norske kulturmarker. Landbruksforlaget.
- Ohnstad, Å. 2006. Aurland Bygdebok; Undredal og Nærøy; gard og ætt. Aurland Sogelag 2006.
- Økonomisk kartverk
- Munnlege kjelder:**
- Lars Nedberge, grunneigra  
Knut Nedberge, aktiv brukar  
Toril Nedberge Klevmark, grunneigar  
Roger Nedberge Hille, aktiv brukar

## **Vedlegg**

Verneforskriften for Nærøyfjorden landskapsvernområde

Kartvedlegg:

1. Vegetasjonstypar og teiginndeling
2. Skjøtsel i ulike teigar
3. Tilstand Hovudstien
4. Stiar kring garden
5. Tunet med stiar og tiltakspunkt
6. Framlegg til inngjerding av innmarka



**FORSKRIFT OM VERN AV NÆRØYFJORDEN LANDSKAPSVERNOMRÅDE I KOMMUNANE  
AURLAND OG VIK I SOGN OG FJORDANE FYLKE OG VOSS KOMMUNE I HORDALAND FYLKE.**

Fastsett ved kgl. res. 8.11.02. med heimel i lov av 19. juni 1970 nr. 63 om naturvern § 5<sup>1</sup> og § 6 jfr. §§ 21, 22 og 23. Fremma av Miljøverndepartementet.

**§ 1. AVGRENSING**

Landskapsvernområdet gjeld følgjande gnr./bnr.:

Aurland kommune: 1/1, 2, 3, 2/1, 2, 3/1, 5/1, 4, 5, 8, 9, 10, 11, 7/1, 2, 8/1, 5, 6, 12/1, 30/1, 2, 3, 4, 6, 9, 14, 31/4, 33/1, 38/1, 2, 3, 8, 12, 13, 37, 48/1, 3, 5, 49/1, 2, 4, 6, 7, 8, 16, 50/1, 2, 3, 4, 5, 6, 7, 8, 9, 14, 51/1, 2, 6, 15, 16, 17, 18, 19, 20, 21, 22, 24, 27, 28, 32, 33, 34, 40, 42, 43, 44, 48, 52, 53, 60, 108, 52/1, 3, 4, 5, 53/1, 2, 55/1, 2, 56/1, 58/1, 2, 59/1, 2, 3, 4, 5, 9, 60/1, 2, 3, 4, 8, 61/1, 2, 3, 5, 6, 8, 62/1, 64/1, 2, 4, 5, 6, 9, 16, 20, 24, 65/1, 2, 3, 4, 5, 6, 66/1, 67/1, 2, 3, 4, 5, 6, 7, 8, 9, 10, 69/1, 2

Vik kommune: 135/2, 4, 7, 8, 136/2, 4, 5, 9, 10, 12, 13, 137/2, 3, 6, 8, 138/1, 3, 4, 139/1, 3, 4, 140/1, 3, 4, 7, 8, 10, 13, 14, 15, 17, 18, 21, 22, 26, 32, 141/1, 4, 6, 10, 142/1, 2, 3, 5, 143/1, 144/1, 2, 3, 4, 5, 145/1, 146/1, 147/4, 148/1, 2, 3, 4, 23, 149/1, 2, 3, 7, 10, 11, 13, 150/1, 2

Voss kommune: 80/1 ,4, 149/3, 4, 150/1,4, 331/1, 332/1, 2, 4, 6, 15, 26, 28, 333/1, 3, 334/1, 2, 4, 335/1, 2, 3, 4, 5, 7, 336/1, 337/1, 2, 3, 4, 5, 338/2

Det samla arealet, inkl. sjø, er på ca 576 km<sup>2</sup>, landareal på ca 547 km<sup>2</sup>. Grensene for landskapsvernområdet framgår av vedlagde kart i målestokk 1:50 000 datert Miljøverndepartementet oktober 2002.

Kart og verneforskrift finst i Miljøverndepartementet, i Direktoratet for naturforvaltning, hos fylkesmannen og i kommunane med areal i landskapsvernområdet.

**§ 2. FØREMÅL**

Føremålet med Nærøyfjorden landskapsvernområde er å ta vare på eit vakkert og eigenarta natur- og kulturlandskap frå fjord til fjell i eit storfelt isbreutforma landskap med eit mangfold av plante- og dyreliv og der eit kulturlandskap med slåtteteigar, beitelandskap, stølsområde, gardsbruk og kulturminne, skapt gjennom aktiv landbruks-drift, utgjer ein vesentleg del av landskapets karakter.

**§ 3. VERNEREGLAR**

**1. Landskapet, plante- og dyrelivet.**

1.1 Området er verna mot alle inngrep eller tiltak som vesentleg kan endre eller verke inn på landskapets art eller karakter.

<sup>1</sup> Retta av Miljøverndepartementet 11. november 2002

Dette gjeld til dømes:

- a) Bergverksdrift, vassdragsregulering, bygging av vegar, oppsetjing og riving av bygningar, oppføring av anlegg og faste innretningar, framføring av luftleidningar og jordleidningar, drenering og anna form for tørrlegging, sprenging, masseuttak, utfylling, planering og lagring av masse, lausbryting og fjerning av stein og mineral, bruk av kunstgjødsel og kjemiske sprøytemiddel i utmark, fjerning eller inngrep i verdfulle kulturminne så som gamle vegar og steinmurar. Opplistinga er ikkje uttømmande.
- b) Nydyrkning, endring av samansetnaden av naturleg treslag ved skogkultur, flatehogst, felling av særmerkte og dekorative tre og daude tre som er med på å prege landskapet og som er viktige for dyrelivet.

Forvalningsstyresmakta avgjer i tvilstilfelle om eit tiltak vil endre landskapets art eller karakter vesentleg eller på annan måte er i strid med føremålet med vernet. Dersom omsynet til verneverdiane gjer det naudsynt, kan Direktoratet for naturforvaltning fastsetje nærmare reglar om ferdsle.

1.2 Reglane i 1.1 er likevel ikkje til hinder for:

- a) Landbruksdrift på eksisterande innmark. Drifta må ta omsyn til landskapet sitt særpreg og spesielle karakter.
- b) Beiting, rydding av beite, slått og lauving, når dette ikkje strir mot verneformålet.
- c) Vedlikehald av bygningar, gjerde, bruer, klopper, vegar og stiar og stenging av skorfeste og oppsetting av kve. Alt slikt arbeid skal ta utgangspunkt i tradisjonell byggeskikk på staden når det gjeld utforming, fargar og materialbruk. Arbeidet skal ikkje medføre vesentlege endringar av fasade på bygningen.
- d) Hogst, men ikkje samanhengande flater større enn fem dekar.
- e) Vanleg vedlikehald av eksisterande kablar, luftleidningar, vatningsveiter, løypestreng, gjerde m.m.
- f) Jakt og fiske etter gjeldande regelverk.
- g) Gjennomføring av militær øving/trening i eksisterande sikkerhetssone for Forsvarets skyte- og øvingsfelt.
- h) Drift og vedlikehald av kystverket sine anlegg, og ferdsel i samband med dette arbeidet.

1.3 Forvalningsstyresmakta, eller den som vert tillagt mynde, kan gi løye til:

- a) Endra bruksformer i landbruket i samsvar med driftsplan.

## Høgdegarden Nedbergo i Aurlandsfjorden – VEDLEGG 1

- b) Oppføring av nybygg i samband med landbruk, turlagsverksem og oppsyn.  
Utforming av nybygg skal vere tilpassa landskap og tradisjonell byggjeskikk.
- c) Påbygging, ombygging eller riving av bygningar og anlegg. Påbygging og ombygging skal vere tilpassa landskap og tradisjonell byggjeskikk
- d) Tilrettelegging av enkle traktorløyper for uttak av trevirke og i  
beitebruksamanheng.
- e) Utbetring og rassikring av vegen mellom Gudvangen og Bakka og vegen til Jordalen.
- f) Oppsetting av nye gjerde (som ikkje gjeld stenging av skorfeste og oppsetting av  
kve), oppmerking og varding av nye fotturruter og nybygging av bruer og klopper.
- g) Ras- og flaumsikring av busetnad og innmark.
- h) Skogsdrift på flater større enn fem dekar i samsvar med driftsplan.
- i) Etablering av luftesjakter som er naudsnyt i samband med underjordisk drift av  
mineral med uttaksstad utanfor verneområdet.
- j) Nyetablering av kystverket sine anlegg.

### 2. Motorferdsel

2.1 Motorferdsel på land og i vatn/vassdrag er forbode, likeins lågtflyging under 300 meter og landing. Med landing meiner ein òg henting og bringing av passasjerar og gods sjølv om landing i eigentleg forstand ikkje skjer.

2.2 Reglane i 2.1 er likevel ikkje til hinder for:

- a) Gjennomføring av militær operativ verksem og tiltak i samband med ambulanse-, politi-, brannvern-, rednings-, oppsyns-, skjøtsels- og forvaltningsverksem.
- b) Motorferdsel på fjorden, herunder å gå til land eller kai. Maksimum fart forbi Skalmenes-Bleiklindi er 8 knop. Fartsreduksjonen gjeld ikkje båtar under 30 fot.
- c) Motorferdsel på dei offentlege bilvegane i landskapsvernområdet.
- d) Naudsynt motorferdsel i samband med landbruksdrift på landbruksvegar og i  
nærleiken av innmark og på traktorløyper godkjende i forvaltningsplan.
- e) Naudsynt motorferdsel på vinterføre til landbruksdrift som frakting av ved eller  
hogstvirke, gjerdeutstyr, saltsteinar eller materialar til vøling av stølar o.l.  
Motorkøyretøy kan på vinterføre nyttast til uthenting av ved frå eigen eide dom til  
fast bustad.
- f) Naudsynt luftransport i samband med landbruksdrift. Luftransport skal meldast til  
oppynet før transporten tek til.

- g) Militær lågtflyging.
- h) Motorferdsel i samband med militær øving/trening i eksisterande sikkerhetssone for Forsvarets skyte- og øvingsfelt.

2.3 Forvalningsstyresmakta, eller den som vert tillagt mynde, kan gje løyve til luft- og snøscootertransport av materiale til hytter, bruer m.v. og av brensel, utstyr og proviant til hytter og stølar. Traséane for snøscootertransport skal teiknast inn på kart.

#### **§ 4. UNNTAK I SÆRSKILDE HØVE**

Forvalningsstyresmakta kan gjere unntak frå verneforskrifta når føremålet med vernet krev det, for vitskaplege undersøkingar, for arbeid av vesentleg verdi for samfunnet, eller i spesielle tilfelle, når det ikkje strir mot føremålet med vernet.

#### **§ 5. FORVALTNINGSPLAN**

Det skal utarbeidast ein forvalningsplan med nærmare gitte retningsliner for forvaltning, skjøtsel, tilrettelegging, informasjon m.v. Forvalningsplanen skal godkjennast av Direktoratet for naturforvaltning. Forvalningsstyresmakta, eller den forvalningsstyresmakta gjev fullmakt, kan gjennomføre skjøtselstiltak for å fremje føremålet med vernet.

#### **§ 6. FORVALTNINGSTYRESMAKT**

Direktoratet for naturforvaltning avgjer kven som skal ha forvaltningsmynde etter forskrifta.

#### **§ 7. RÅDGJEVANDE UTVÅL**

Det kan nemnast opp eit rådgjevande utval for landskapsvernombordet.

#### **§ 8. IVERKSETTING**

Denne forskrifta trer i kraft straks.

**Nedbergo i Aurlandsfjorden**

Skjøtsel av kulturlandskap og tilrettelegging for friluftsliv  
Godkjent og utgjeve av Nærøyfjorden verneområdestyre  
Rapport nr. 1 – 2014

ISBN 978-82-999859-0-1 (trykt)

ISBN 978-82-999859-1-8 (PDF)